

Til foreldre og føresette ved Helland skule



TRAFIKKAVVIKLING VED HELLAND SKULE

FAU ved Helland skule har ved fleire høve fått meldingar om ønske om å ta opp sak om trafikkavvikling ved henting/levering av born ved skulen.

Som eit resultat har saka vore drøfta i FAU og med rektor der vi vart einige om å lage eit informasjonsskriv til foreldre/føresette om korleis ein ønskjer at trafikkavviklinga skal gå føre seg på området.

Reglar for trafikkavvikling ved Helland skule;

- 1) Alle køyrer same veg i «rundkøyringa».
- 2) Stopp i «rundkøyringa» berre for av- og påstigning. (Sjå teikning).
- 3) Bruk parkeringsplassane for lengre stopp, helst P2. (Sjå teikning).
- 4) Det skal ikkje køyrast inn på skuleområdet mellom kl. 08.00 og 16.30. Unnateke er varetransport og parkering etter avtale.

Vi reknar med forståing for desse reglane og reknar med at alle føresette blir med for å sikre ei betre og tryggare trafikkavvikling kring våre skuleborn.

NB; Informer gjerne andre som køyrer borna til/frå skulen.

